

Gode Osing!

14. september er det nytt kommuneval, og gjev deg som veljar påverknad for samansetjinga i kommunestyret dei neste fire åra!

Høyre er klar for framleis å vera premissleverandør i Os-politikken! Høyre har 16 år bak seg som posisjonsparti i Os, og vi tar sikte på fire nye år. Vi er stolt over alt vi har fått til, og vi har framleis mykje vi vil jobba for i komande periode. Høyre sin ideologi byggjer på fridom, mangfald, ansvar og tillit til enkeltmennesket, og lokal sjølvråderett er noko vi brenn for- det er vi osingar som best kjenner kommunen vår! Høyre vil i perioden sikra eit vidare godt samarbeid mellom politisk nivå, administrasjon og arbeidstakarorganisasjonane. Saman skal vi koma fram til dei beste løysingane for kommunen og innbyggjarane våre. Konstruktiv dialog gjer oss løysingsorienterte.

Som kjent er Os prega av ein stram kommuneøkonomi, men samstundes har våre økonomiske utfordringar gjort oss til ein av dei mest effektive kommunane i landet. Vi skal framleis nytta dei gode ressursane vi har og dei tilsette skal arbeida i ein kommune som gir rom for utvikling. Vi tør ikkje lova for mykje av nye tiltak i perioden, men vil forvalta dei midlane vi har på ein sunn og forsvarleg måte. Førreseielege rammer for tenesteområda gir stabilitet i produksjonen, og hindrar kutt i neste omgang. Høyre vil primært vidareføra og satsa meir på kvalitetsheving i tenestene, men vi vil sjølvstekt vera på offensiven når nye moglegheiter byr seg i form av prosjekt intitert av private aktørar.

KommuneNoreg går ei spennande tid i møte når nye grenseliner for kommunekartet skal trekkjast. Vi er midt i arbeidet kring kommunereforma, og Os Høyre vil gå heile prosessen ut før vi konkluderer om Os står seg best aleine eller om vi skal slå oss saman med ein eller fleire av Bjørnefjordskommunane.

Vi er stolte av å presentera ei ei liste med 40 engasjerte kandidatar som alle er klare for å vera ditt talerøyr inn i politikken. Våre visjonar kan du lesa om her i programmet vårt.

Gjev du oss di røyst – skal eg og Os Høyre gjera vårt! **Hjartleg godt val!**



Marie Elisabeth Lunde Bruarøy
ORDFØRARKANDIDAT OS HØGRE



Os Høyre stiller med følgjande kandidatar til kommunevalet:




HØYRE
www.os.hoyre.no

VALPROGRAM FOR OS HØYRE 2015-2019




HØYRE

Moglegheiter
for alle

HELSE, OMSORG OG BEREDSKAP

Gode omsorgstenester skal leverast til alle innbyggjarar som treng det - uansett alder og livssituasjon. Brukarperspektivet er viktig – og difor vil Os Høyre framleis leggja til rette for fleksible og alternative arbeidstidsordningar. Utviding av Luranetunet vil gi eit løft for omsorgssektoren, og vi vil sikra at innhaldet og tilbodet har ein høg kvalitet både for brukaren, pårørende og dei tilsette.

- Valfridom i omsorgssektoren der brukarperspektivet er sentralt, for at flest mogleg kan vera sjef i eige liv anten ein bur heime eller på institusjon.
- Godt samarbeid med organisasjonane om arbeid med alternative turnusar og ønska stillingsstorleik.
- Leiarutvikling, kompetanseheving og organisering skal stå sentralt for området.
- Luranetunet skal utviklast og byggjast ut som eit moderne, fleksibelt og funksjonelt omsorgssenter med kvalitet som grunnstein. Senteret skal avlasta pårørende ved å kunna ta i mot eit aukande tal sjuke og eldre med ulike behov. Heilårs tropehage i senteret vil gi meir aktivitet og stimuli for brukarane og vi vil tilretteleggja for fast kafé-tilbod i samarbeid med frivillige.
- Tryggleikssjukepleiar og prosjekt som «Trygg i Os», «Langtidsfrisk» og «Kvardagsrehabilitering» skal oppretthaldast og vidareutviklast. Os Høyre vil auka bruk av ny omsorgsteknologi som skal gi tryggleik og fridom for brukarane.
- Fysioterapi – auka kapasiteten for å redusera ventetid.
- Ernæring – auka satsinga rundt ernæring og folkehelse gjennom rettleiing og kompetanseheving.
- Flyktningar – mottak og integrering av flyktningar er ei heilheitleg kommunal oppgåve. Os Høyre vil mellom anna styrka vaksenopplæringa ved å gje høg kvalitet på tenesta som er viktig for å sikra våre nye osingar ei god integrering.
- Framleis garantist for lokal døgnbemanna legevakt i Os.
- Arbeida for å etablere eit fast røntgentilbod lokalisert i Os i samarbeid med Helse-Bergen.
- Brann og redning/kommunal beredskap skal byggja vidare på organiseringa med nærleik til helseområdet som gir stabil tryggleik for innbyggjarane.
- Førebyggjning innan rusområdet gjennom tett samarbeid mellom kommune, politi, spesialisthelsetenesta og NAV – samt ettervernsarbeid med dei same instansane og Kirkens sosialteneste. Høyre vil støtta barne- og ungdomsarbeid som driv med førebyggjande abeid.

NÆRINGS LIV

Os Høyre ser eit stort potensiale for eit veksande næringsliv i Os, både på Osøyro og i Lyseparken, men også elles i kommunen. Vi vil vera positive og proaktive i møte med både eksisterande og nye næringsaktørar, samt bistå gründarar i etableringsfasen. Fram til ny E39 Svegatjørn-Rådal står ferdig i 2021, vil vi gjennom «Liv på Øyro» jobba hardt for eit levande handelssentrum og regionsenter som står seg inn i framtida.

- Tilretteleggja for auka turisme med ei attraktiv og trygg sentrumshamn og bubilparkering som vil gi auka handel for dei næringsdrivande på og rundt Osøyro.
- Tilrettelegga for eit godt og solid samarbeid med Os Næringsråd og næringslivet elles, gjennom å vera ein offensiv og positiv medspelar.
- Lyseparken skal utviklast som framtidens mest attraktive nye næringsareal på vestlandet og skal husa arbeidsplassar for komande generasjonar. Lyseparken skal òg utviklast som framtidens idrettspark ved bruk av OPS (offentleg-privat-samarbeid) med aktivitetar som fotball, handball, friidrett og is-sport.

KULTUR OG IDRETT

Fysisk aktivitet fremjar folkehelse og Os skal ha eit variert kultur- og idrettstilbod som favnar om alle aldersgrupper. Sentralidrettsanlegget på Kuventræ skal ferdigstillast og utviklast vidare med eit mangfald av aktivitetar. Frivillige lag og organisasjonar blir verdsett og er sentrale i vidare utvikling av fritidstilbod i Os.

- Sentralidrettsanlegget på Kuventræ skal ferdigstillast og tilby eit mangfald av aktivitetar.
- Dobling av fond til forskottering av spelemiddelprosjekt for å stimulera til fleire og oppgraderte nærmiljøanlegg i krinsane.
- KUP-midlar skal oppretthaldast for å sikra utvikling av eit breidt kultur- og aktivitetstilbod.
- Etablering og merking av nye turstiar t.d. rundt Ulvenvatnet og samanhengande kyst- og kultursti frå Bjånes til Halljem i samarbeid med grunneigarar, samt oppgradering av eksisterande turveggar. Raudlio skal utviklast vidare som tur- og rekreasjonsområde.
- Det skal etablerast gode sentrumsnære uteopphalds- og leikeareal for uorganisert aktivitet for barn og unge i Os.
- Nye sykkelveggar kan gjerne etablerast utanom eksisterande vegnett: «Raskt frå A til Å»
- Arbeida for fleire parkeringsplassar rundt populære område og turveggar i Os.
- Høyre støttar utviding av Kyrkjetoen som vil gi eit løft for det viktige barne- og ungdomsarbeidet i Os.
- Oseana skal utviklast vidare og vera ein kulturell møteplass for alle osingar og resten av regionen, med eit spennande og variert tilbod.
- Høyre vil vera ein medspelar for kulturelle festivalar og hendingar i Os-bygda.
- Frivilligsentralen som vi nyleg har styrka, gir rom for auka rekruttering til meningsfull innsats for andre. Sentralen blir òg viktig for «nye Luranetunet» og vil bidra til meir aktivitet og stimuli for bebuarane ved å vidareutvikla eit allereie godt etablert tilbod.

SAMFUNN, MILJØ OG UTVIKLING

Os Høyre ser på vekst og folketalsauke som utelukkande positivt og gir moglegheiter for utvikling av kommunen. Det krevst at vi har orden i økonomien, og at vi koordinerar samfunnsplanlegginga gjennom gode planar som også kan møta framtida. Høyre vil ha ei positiv haldning i alle saker og det skal gode grunnar til for å seia nei.

- Fortsetja satsinga på vegvedlikehald på kommunale veggar.
- Trøkk på vedlikehald av kommunale bygg – satsinga på vedlikehaldsteamet skal vidareførast.
- Miljøeffektivisering ved å optimalisera energibruken i bygg, samt på veglys på kommunale veggar.
- Ohara blir ferdigstilt i perioden, og rehabilitering av leidningsnett er i full gang for å sikra stabil forsyning av friskt vatn til innbyggjarane.
- Etablering av pendlerparkering i tilknytning til ny E39 Os- Bergen.
- Jobba for fylkesveggar frå E39 til Lysefjorden og Hatvik/Fusa.
- Arealplanarbeidet skal sikra nødvendig offentleg areal og nye næringsareal. Det skal planleggjast samanheng mellom bu- og næringsareal og sikra grønne lungar for attraktive friområde.
- Os Bygg og Eigedom AS skal vera eit føregangseksempel på nærings- og bustadutvikling i Os.
- Eigedomsskatt skal ikkje vera ein del av kommunen sitt inntektsgrunnlag.
- Avkastning på finansporteføljen skal kun nyttast til investering.
- Os kommune skal framstå som ein brukarvennleg og funksjonell 24/7 kommune.

OPPVEKST «Det trengs ei heil bygd for å oppdra, danna og utdanna eit barn»

Anerkjenning, meistring og tryggleik er grunnleggjande for ein god oppvekst og er grunnsteinen i «Kvalitetsplanen for Oppvekst og kultur» som vi framleis skal styra etter. Det skal prioriterast ressursar inn mot «Prosjekt betre læringsresultat».

Oppvekstområdet blir Høyre sitt satsingsprosjekt i komande periode. Alle born skal rustast for framtida gjennom eit apparat som ser kvar enkelt frå livets byrjing, gjennom barnehage- og skuleløpet. Det skal satsast meir på tidleg innsats og førebyggjning, samhandling på tvers av tenestene, og den gode læraren skal ha rom for å vidareutvikla seg. Både tilsette og elevlar skal ha abeidsro og gode læringstilhøve, og dette skal Høyre prioritera høgt.

- Standarden på klasseromma i Os skal få eit løft med nytt utstyr/innreing. Vedlikehaldsteamet skal nyttast til nødvendig malearbeid inne i skulane for å heva arbeidsmiljøet i kvardagen til både tilsette og elevlar.
- Utnytta den kompetansen vi totalt sett har i organisasjonen ved å satsa på erfaringsoverføring mellom skulane med nettverksgrupper på trinn, fag og leing og gi rom for at lærarar kan hospitera hos kvarandre.
- Målretta arbeid med «Prosjekt betre læringsresultat» skal prioriterast i perioden for at alle elevlar tidleg skal kunna meistra lesing, skriving og rekning. DUÅ «Dei Utrulege Åra» sitt foreldreprogram skal implementerast som eit nytt ledd i prosjektet - både i barnehagane, skulane og via helsestasjonen.
- Høyre vil oppretta eit tverrfagleg kompetanseteam (PPT, helsesøster, psykolog, miljøarbeidar) for barnetrinnet som har kompetanse på psykososiale forhold. Førebyggjning ved tidleg innsats er hovudmålet, og vil letta læraren sine utfordringar og gi meir tid til god tilpassa opplæring for alle elevlar utifrå deira forutsetnader.
- Utgreia etablering av familiekontor som eit lågterskeltilbod til barnefamiljar med rettleiing frå psykolog/familierapeut.
- Styrking av PPT med systemarbeid og tidleg innsats ute i skulane ved rettleiing rundt spesialundervisning, sosiale utfordringar og tilpassa opplæring.
- Barnehagane i Os skal ha høg kvalitet med god pedagogtettleik, og overgang barnehage/skule skal framleis vera fokusområde. Både born og foreldre skal oppleva ein trygg og god barnehagekvardag, og vi lover framleis full barnehagedekning i Os.
- Helsestasjonstilbodet skal styrkast og vi vil byggja vidare på jordmortenesta gjennom nærjordmorsenteret.
- Sikra eit stabilt og godt barnevern som tryggar oppvekstvilkåra for barn og unge i Os.
- Trafikksikringiltak rundt skulane, korte og trygge skuleveggar, samt «gå-til-skulen-prosjekt» både minkar trafikken langs skulevegen og fremjar aktivitet for elevane.
- Oppdatert IKT-utstyr i skulane til ei kvar tid, gir elevlar og tilsette gode arbeidsverktøy.
- Ny skulebruksplan i løpet av perioden – mellom anna med full satsing på Lunde barneskule og planleggjning av ny skule «Aust om elvo».
- Bygging av ny gymsal/kultursal v/ Os ungdomsskule.

